

---

**Fra:** Ola Midttun <Ola.Midttun@fiskeridir.no>  
**Sendt:** 18. februar 2014 16:33  
**Kopi:** Post Austrheim  
**Emne:** Kobbevik og Furuholmen Oppdrett AS - Søknad om utviding av areal på lokalitet 30559 Øksneset i Austrheim kommune,- uttale

Austrheim Kommune  
Sentraladministrasjonen  
  
5943 AUSTRHEIM

Sakshandsamar: Ola Midttun  
Telefon: 46888567  
Seksjon: Region Vest forvaltningsseksjon  
Vår referanse: 14/499  
Dykkar referanse:  
Vår dato: 18.02.2014  
Dykkar dato:

Att:

### Elektronisk post

## **KOBBEVIK OG FURUHOLMEN OPPDRETT AS - SØKNAD OM UTVIDING AV AREAL PÅ LOKALITET 30559 ØKSNESET I AUSTRHEIM KOMMUNE,- UTTALE**

Vi viser til brev av 06.01.2014 frå Hordaland fylkeskommune med oversending av søknad frå Kobbevik og Furuholmen Oppdrett AS om løyve til utviding av areal ved lokalitet 30559 Øksneset i Austrheim kommune.

Fiskeridirektoratet region vest skal gje ei fagleg uttale til om arealbruk gjennom søknad kjem i konflikt med utøving av fiske. Fiskeridirektoratet sine regionkontor har ansvar for å følgje opp akvakultur i driftsfasen, dette gjeld også anlegga sin påverknad på det marine miljøet. På denne bakgrunn tek vi også opp spørsmål til det marine miljøet gjennom vår uttale til akvakultursøknader.

### **Konklusjon:**

Ut frå vår kjennskap til fiskeriinteressene og det marine miljøet i området rår vi til at det vert gjeve løyve til utviding av areal, men vi føreset at fortøyingsystem ikkje vert lagt ut i registrert trålfelt.

### **Om søknaden:**

Søknaden gjeld utviding av noverande anlegg frå seks til ti ringar. MTB på lokaliteten er 3120 tonn, og det vert ikkje søkt om å auke denne.

### **Vurdering av konfliktpotensial med fiske:**

Det er registrert rekefelt i Årsåsvågen på austsida av der oppdrettsanlegget ligg. Rekefelta har tradisjonelt vore nytta til tråling, og sjølv om aktiviteten har vore liten gjennom dei seinare åra ser vi det som viktig at det ikkje vert lagt ut fortøyingsystem og andre arrangement som kan hindre tråling i rekefelta. Vi er kjent med at deler av fortøyingsystema frå oppdrettsanlegget allereie kjem i berøring med rekefeltet i Årsåsvågen. Ved utviding av anlegget ber vi derfor om at nye fortøyingsystem vert lagt ut på ein måte som ikkje medfører ytterleg beslag av rekefeltet.

### **Vurdering av påverknad og effektar på marint miljø.**

Miljøtilstanden under og i umiddelbar nærleik av anlegget har vore overvaka gjennom MOM- undersøkingar (jf NS 9410) som er rapportert til Fiskeridirektoratet. Resultat frå siste MOM B-undersøking som er frå desember 2013, syner tilstand 1 dvs. meget god. Det er utført MOM C-undersøking i området i april 2011 og i rapporten frå denne undersøkinga vert det konkludert med at resultata gjenspeglar ein resipient i naturtilstand med god kapasitet. Trendanalysene som er gjennomførte i driftsfasen indikerer at miljøtilstanden er god i området og at miljøets tåleevne ikkje vert overskredet med dagens drift. Vi ser såleis ikkje at omsøkt utviding av arealbruk på lokaliteten vil representere noko risiko for det marine miljøet.

Fiskeridirektoratet region vest er oppteken av at avlusingsmidlar som inneheld kitinhemmere vert brukt med varsemnd. Dette gjeld særleg i område kor det er registrert verdifulle førekomstar av reke, kreps, krabbe og hummar. Det er registrert rekefelt like aust av lokaliteten ved Øksneset. Vi har ikkje nyare data om rekeressursen i dette feltet, men vi veit at feltet har vore mindre nytta til tråling gjennom dei seinare åra, truleg pga. reduserte fangstar. Av omsyn til kort avstand mellom oppdrettsanlegget ved Øksneset og registrert rekefelt i Årsåsvågen, ber vi om at ein utøvar særleg aktsemnd ved bruk av kjemikaliar som inneheld kitinhemmere.

Med helsing

Kari Morvik  
seniorrådgiver

Ola Midttun  
seniorrådgiver

*Brevet er elektronisk godkjent og vert sendt utan underskrift*

<b>Kopi til:</b>			
Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	BERGEN
Kystverket Vest	Plan- og Kystforvaltningsavdel ingen	6025	ÅLESUND
Mattilsynet	Felles postmottak	2381	BRUMUNDDAL
Austrheim Kommune	Sentraladmimistrasjon en	5943	AUSTRHEIM
Fiskarlaget Vest	Slottsgt. 3	5003	BERGEN